

Referat frå årsmøte i Breivika Båthavn, 2016.

Årsmøtet blei halde i klubbhuset i Breivika torsdag 11. februar 2016 kl. 18:00 – 19:00. Det møtte 21 medlemmer. I styreleiar Kjell-Atle Reksten sitt sjukefråver, ønska brygesjef John Reksten vel møtt til årsmøtet.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Det blei lagt fram merknad til sakliste ved at budsjettprosten om asfaltering av anlegget burde vore lagt fram som eiga sak. Dette blei drøfta og det var semje om å drøfte asfalteringssaka under post 13, Ymse. Samrøystes.

2. Valg av møteleiar.

John Reksten blei valgt til møteleiar. Samrøystes.

3. Valg av referent.

Stein Malkenes blei valgt til referent. Samrøystes.

4. Valg av to medlemmer til å skrive under årsmøteprotokollen.

Arne Helle og Johannes Posthorn blei valgt til å skrive under årsmøteprotokollen. Samrøystes.

5. Årsmelding 2015.

John Reksten leste årsmeldinga og opna opp for spørsmål og debatt.

Det blei reist spørsmål om saka om sotutslepp frå Bauge AS. Frå styret si side blei det orientert om kontakt og forsøk på dialog med Bauge AS – eit forsøk som ikkje har ført fram. Styret vil fortsette arbeidet med saka for å finne ei løysing. Årsmøtet hadde deretter ei kort meiningsutveksling om saka før styret oppmoda medlemmene om å sende dokumentasjon i form av bilder dersom det blei observert utslepp framover. Dette blei notert av medlemmene og dersom det lukkast å dokumentere utslepp ved hjelp av bilder, vil styret på nytt ta opp saka direkte med fylkesmannen, som er forureiningsmyndigkeit i denne saka.


Deretter blei det reist spørsmål om kva styret meinte med følgande formulering i årsmeldinga:

Styret vurderer at ordninga med bryggeassistentar har hatt varierande resultat og bør såleis kunne betrast.

John Reksten orienterte om styret sitt syn på praktisering av ordninga ved gjennomføring av tiltaka på gjeldande arbeidsliste. Deretter blei det gjennomført eit ordskifte om temaet der det i all hovudsak kom fram at det til ei kvar tid er konkrete arbeidsoppgåver som skal gjennomførast og at ordninga må betrast. Særleg vil dette gjelde ved å betre kommunikasjonen mellom brygesjef og bryggeassistentane.

Medlemmene stilte seg elles positive til å gjennomføre dugnadsarbeid.

Etter dette blei årsmeldinga for 2015 samrøystes godkjend.



6. Rekneskap 2015.

Revisjonsrapport var sendt ut saman med årsmøteinkallinga.

Kasserer Einar Jacobsen orienterte og gjekk gjennom rekneskapen for 2015. Det blei reist spørsmål om korvidt rekneskapen for moloprosjektet burde leggast fram som eige prosjektrekneskap. Einar orienterte om detaljane på dette punktet, mellom anna at det kun var snakk om tre fakturaer i rekneskapsåret, samt andre tilhøve. Årsmøtet tok orienteringa til vitande. Deretter orienterte Einar om balansen og svarte på spørsmål frå årsmøtet.

Rekneskapen blei deretter samrøystes vedteken.

7. Utleigeprisar. Indeksregulering og ekstra verdiauke.

Einar orienterte om saka og grunngjevinga for å auke utleigeprisane etter investeringane i molo med påfølgande verdiauke av heile havna. Saka blei kort drøfta av årsmøtet.

Deretter blei ein auke i utleigeprisane på 10% samrøystes vedteken.

8. Pris på båtplassane. Indeksregulering og ekstra verdiauke.

Einar orienterte om at saka hadde bakgrunn i at alle båtplassane i 2014 fekk ein verdiauke på det innskotet som kvar enkelt betalte. I 2015 auka verdien på båtplassane med det lånet som er teke opp i samband med moloa totalt kr. 1 000 000.-. I tillegg auka vi verdien med 4 % i 2015.

Saka blei drøfta og avklara før den blei samrøystes vedteken.

9. Budsjett for 2016.

Budsjettet for 2016 blei lagt fram med eit driftsunderskot på kr. 215 500,00, inkludert avsetning på kr 200 000,- til asfaltering. Etter innspelet i sak 1, om å drøfte asfalteringssaka som eiga sak, orienterte Einar om at dersom det blei bestemt å ta dette ut, så ville driftsunderskotet bli kr. 15 500,-. Med etterhald om avklaring av asfalteringsspørsmålet under sak 13, blei budsjettet samrøystes vedteke.

10. Saker frå styret.

10.1. Fullføring av moloanlegg

John orienterte og etter korte kommentarar, spørsmål og innspel, blei saka samrøystes vedteken.

11. Innkomne framlegg

Det var ikkje meldt inn saker til årsmøtet innan fristen, jfr. vedtekten. Saka blei teken til vitande.


12. Vedtektsendring

Det var ikkje kome inn framlegg til vedtektsendringar. Saka blei teken til vitande.

13. Ymse

Saka om asfaltering blei reist av Rune Andreas Eick i sak 1 og blei drøfta under sak 13, Ymse. Øyvind Kleiven hadde ved årsmøtets opning levert inn fullmakt frå Arvid J. Stavang om asfalteringssaka. Fullmakta er skanna og ligg som vedlegg til årsmøteprotokollen.

Styret sitt framlegg til bruk av kr. 200 000,- til asfaltering var å prioritere moloa i 2016. Dette fordi det her er størst biltrafikk og såleis størst ulemper med støv på båtane. Det



kom deretter framlegg om å prioritere asfaltering av arealet ved klubbbhuset før moloa. Deretter la Øyvind Kleiven fram framlegg om ikke bruke pengar til asfaltering i 2016, men heller betale ned gjeld. Til sist gjorde Einar Jacobsen framlegg om å sette av inntil kr. 300 000,- til asfaltering av både moloa og arealet ved klubbbhuset.

Alle framlegga blei drøfta grundig, mellom anna orienterte John Reksten om at han er i ferd med å hente inn pristilbod og at å asfaltere heile landarealet i båthavna på om lag 1000m², vil vere den enklaste og billigaste løysinga.

Saka gjekk etterkvar til avstemming. Først blei det stemt over kovidt båthavna ikkje skulle bruke pengar på asfaltering i 2016, men heller betale ned gjeld. Dertte framlegget fekk 1 røyst og fall.

Deretter blei det stemt over framlegget om å asfaltere heile landarealet i båthavna for inntil kr. 300 000,-. Dette framlegget blei samråystes vedteke og styret fekk fullmakt til å innhente pristilbod og gjennomføre asfaltering på heile landarealet innafor ei økonomisk ramme på kr. 300 000,-. Medlemmene skal haldast orientert om framdrift og innhald i prosjektet.

14. Val

Leiar i valnemnda, Rune Andreas Eick orientert og la fram valnemnda si innstilling til dei verva som skulle velgast personar til.

Desse var på val:

Kasserar: Einar Jacobsen, (på val for 2 år)

Skrivar: Stein Malkenes, (på val for 2 år).

Valnemnda foreslo attval og Einar Jacobsen og Stein Malkenes blei samråystes valgt.

Følgande bryggeassistentar var på val:

Bryggeassistent nr. 2: Dag Johannesen, (på val for 2 år).


Dag Johannesen blei samråystes valgt.

Møtet slutt kl 19:00/sm

Årsmøteprotokollen er gjennomgått og godkjend.

Arne Helle

Arne Helle



Johannes Posthorn

Vedlegg: Fullmakt frå Arvid J. Stavang

Fullmark Flörs 10½ - 16

Eg stemmer mot asphalt på molo.

Legg heller asphalt på plassen
Fjord Slipper -

Janid F. Skarveng -